

G16-laget er klare for A-sluttspel.

30.07.2018



Det vart ein målrik kamp då gutelaget spelte mot Bokn

Mandag vart G16-laget til Rosendal/Uskedalen klare for A-sluttspel etter berre to kampar. Søndagens siger vart fulgt opp med ein ny solid siger. For dei to reine Uskedalslaga var rollene byta om. Mandag var det jentene som kunne jubla for siger, medan gutane noko skuffa måtte konstatera at det vart tap trass i at dei scora 5 mål.



Mads Eidsvik viser flott ballteknikk.

G 16 laget til Rosendal/Uskedalen som har eit solid innslag med spelarar her frå bygda, fulgte opp den flotte sigeren søndag. På føremiddagen vann dei 3-1 over Ulefoss/Skade. Odd Steinar Arnesen fortel at det var Jeppe Solheim Søllesvik(2) og Tord Guddal som scora måla. Arnesen fortel om ein strålende første omgang der dei kunne ha laga både 4 og 5 mål. Etter pause slapp dei seg litt meir nedpå, men dei er strålende fornøgde med sigeren. Med den er dei sikra plass i A-sluttspillet allereie etter 2 kampar. Gratulerer!!

Litt seinare på dagen fulgte jentelaget til Uskedal IL opp med ein flott 3-2 siger over Dale IL. Dei fekk tidleg eit mål i mot og låg under heilt fram mot pause. Like før pausessignalet gjekk, utlikna laget ved Åsne Hjelmeland Arnesen. I andre omgang spelte jentene glitrande fotball og gjekk opp i 3-1 leiing etter to mål ved Selma Ovidia Guddal Tarberg. Mot slutten kjempa Dale seg litt meir inn i kampen og fekk ei redusering, men Uskedalsjentene drog i land ein sterk 3-2 siger. Dermed har dei framleis håp om A-sluttspelpllass. I den svært jamne pulja har alle fire laga 3 poeng etter at dei har spelt to kampar.

Gutelaget til Uskedal IL som speler i G14-klassen, hadde nok godt håp om siger etter resultata i kampane søndag. Etter sigeren søndag var dei nok favorittar mot Bokn IL som då gjekk på eit klart tap. Det skulle visa seg å vera ein spennande og målrik kamp der Bokn fekk tidelege mål. Uskedal spelte seg meir og meir inn i kampen. Til slutt stakk likevel Bokn av med ein 6-5 siger. Olve S. Tveit(2), Mathias Børve(2) og Tørres Myklebust scora Uskedalsmåla. Dette var nok skuffande for Uskedalsgutane etter den fine starten dei fekk søndag. Sidan det er 5 lag i denne pulja, har dette laget to kampar i dag og i kveld. Då møter dei to antatt sterke lag.

Andre resultat mandag:

- Gutar 13 år: Rosendal - Tambarskjelvar 2-7
- Gutar 14 år: Herd - Rosendal 4-2
- Gutar 15 år: Rosendal - Greipstad 1-1
- Jenter 13 år: Rosendal - Kongsberg IF 2-3
- Jenter 14 år: Nittedal - Rosendal 2-2
- Jenter 15/16 år: Rosendal - Hareid 2-4



Det vart mange Bokn-forsvararar på slutten, men mål vart det likevel.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Jan Øvstebø